
Fra: Jarle Landås
Sendt: torsdag 26. september 2019 15:14
Til: torehella@gmail.com
Kopi: Einar Færø; Margaret Halland; Lisbeth Toppe Alvær
Emne: VS: Overtakelse av privat veg.

Viser til e-post om manglar ved svar knytt til førespurnad om overtaking av privat veg. Eg vil her prøve å gi noko utfyllande svar.

Praksis i Radøy kommune har vore restriktiv når det gjeld spørsmålet å overta private vegar. Dette blant anna av økonomiske omsyn. Vegen det her visast til er antatt å ikkje vere innanfor kategorien av vegar som det etter praksis er aktuelt for kommunen å overta.

Dersom kommunen skal ta stilling til overtaking av privat veg krev dette ein konkret søknad med utfyllande opplysningar om vegen. Det er kommunestyret eller den kommunestyret gjer fullmakt som må godkjenne ein slik overtaking. Radøy kommune er nå i ferd med å slå seg saman med Lindås og Meland til Alver kommune. Kommunestyret i Radøy mister nå det meste av sine fullmakter ved at det nå er valt nytt kommunestyret for Alver kommune som vil konstituere seg snarleg. Korleis praksis vil vere i den nye kommunen er ikkje avklara.

Mvh

Jarle Landås | Rådmann



RADØY KOMMUNE

E-post: jarle.landås@radoy.kommune.no

Telefon: +47 40228215

Fra: Tore Hella [<mailto:>]
Sendt: fredag 6. september 2019 10.03
Til: Hella, Arve Inge; Einar.farero@radoy.kommune.no; Margaret Halland
Emne: Overtakelse av privat veg.

Teknisk etat

Radøy kommune

Radøyvegen 1690,

5936 Manger

Tore Hella
Skjenet 48
5936 MANGER

Arve Inge Hella
Skjenet 37
5936 MANGER

OVERTAKELSE AV PRIVAT VEG TIL KOMMUNAL VEG

Saksbehandlar: Dykkar: Margarett Halland 29.08.2019

Referanse 19/11 - 19/12395

Hei. 28.08.2019 Sende eg en førespurnad til Radøy kommune med følgande spørsmål:
"På Skjenet, på Hella (nært Birkeland), har no den private vegen blitt opp gradert og fått ny asfalt. Den er no i veldig bra stand og vi ønsker derfor at kommunen skal vurdere om den kan bli kommunal vei. Eventuelt informere om kva vi skal gjera for at den skal bli kommunal vei.

Ser frem til svar."

Svare eg fekk var dette:

"Spørsmål om privat veg - Svar

Hei, svar kjem på vegne av Einar Færø. Henviser til brev frå dykk vedr. vegen på Skjenet, Hella. Radøy kommune kan diverre ikkje overta vegen, til trass i at den er i god stand.

Med helsing Margarett Halland Sekretær teknisk drift."

Som Dykk ser har Dykk ikkje svart på spørsmåla eg sendte, bare gitt eit avslag. Eg ville forvente at kommunen var meir service innstilt ovanfor sine innbyggjarar og om ikkje anna svara på spørsmåla?

Utifrå kva eg kan finne om at ein veg skal overdragas frå kommunal til privat veg, er det to hovudvilkår som må være oppfylt for at en vei skal være offentlig. Vegen må for det første være "open for allmenn ferdsel". Det er det og særskilt om sommaren er det mykje trafikk ned til båthamna i Skuthavna. Her er det mange som badar, fisker (små) kabbar, båt aktiviteter, turar og

nytter området til grilling. Det er og mange som parkere på Skjenet for å gå turstien til Skageneset eller gamlevegen til Manger.

Eit viktig moment i vurderinga av dette vil, ifølge en Høyesteretts dom frå 2004, være om trafikken på vegen er knytt opp mot eit eller fleire formål. Dersom vegen for eksempel kun benyttes som ankomst til boliger, vil den trolig ikke regnes som åpen for allmenn ferdsel.

Den andre hovud vilkåret eg finn er at vegen må vera i samsvar til kommunens sine krav standard. Sida vegen på Skjenet no er ny asfaltert ville vi tro at dette og skal vera i henhold. Dykk er sjølvsagt velkommen til å komma på synfaring for å sjå på tilstanden på vegen.

Om Radøy kommune ligg andre argument til grunn eller har andre kriterier, ber vi om at dette blir opplyst. Som i vår første førespurnad, ønsker vi at kommunen informere om kva vi skal gjera for at den skal bli kommunal vei.

Med venleg helsing

Tore Hella

Arve Inge Hella